



Innsamlinga til hjelpesendinga i Uskedalen sist fredag. Dagleg leiar i THK, Vidar Akselsen, og Tormod Myklebust saman med gode assistentar.

Tormod Myklebust og Leif Jarle Bergstø er klar for reise til Korosten i Ukraina med ny hjelpesending. Innsamlinga i Kvinnherad var i veka som var. Dei reknar å vera framme i Tsjernobylområde laurdag ettermiddag/kveld. Reiseruta går med Fjordline frå Stavanger til Hirtshals i kveld og vidare gjennom Danmark, Tyskland, Polen og fram til Ukraina.

THK og andre hjelpeorganisasjonar har som mål å hjelpa folk som er fattige og som har rusproblem i nærmiljøet. Hjelpa skal vera med på å gje dei eit betre liv. Korosten er ein industriby 10 mil vest for Kiev. Staten Ukraina er den nest største i Europa med over 45 millionar innbyggjarar.

Det er for det meste sko og klede som vert levert på barneheimar i Korosten. Sjåførane Myklebust og Bergstø er sjølve med på utdelinga og ser til at alt kjem fram til rett mottakar. Returlasta kan vea førefallande gods frå byar i Polen som skal til Noreg.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal